

Fra: "Sælthun, Sander" <sander.saelthun@lom.kommune.no>
Sendt: onsdag 3. juni 2026 15:34:32
Til: "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Emne: Høyringsuttale - saksnr. 202606735 - søknad om endring i manøvreringsreglementet for Tesse
Vedlegg: Saksprotokoll - Uttale frå Lom kommune til ny søknad frå GLB om endring i manøvreringsreglementet for Tesse.pdf

Høyringsuttale frå Lom kommune – org.nr. 959 377 677

Viser til brev frå NVE datert 20.03.2026: «Høring av søknad om endring i manøvreringsreglementet for Tesse i Lom og Vågå kommuner, Innlandet fylke», og e-post frp NVE v/ Charlotte Bøhm 29.04.2026 om utsett høyringsfrist til 05.06.2026.

Kommunestyret i Lom gjorde i møte 02.06.2026 følgjande samrøystes vedtak i sak 2026/44:

Lom kommune rår til at GLB sin søknad om endring av manøvreringsreglementet for Tesse blir avslått. Kommunen si grunngjeving er at fiskefagleg rapport frå NINA frå 2017 sannsynleggjer at omsøkt endring vil ha negative konsekvensar for fiskebestanden. Den dokumentasjon som er framlagt etterpå - prøvefiske i 2019 – gjev ikkje grunnlag for å fastslå at konsesjonsvilkåret om oppfylling innan 1. juli ikkje har hatt positiv effekt på fiskebestanden. Vidare vil ei endring av manøvreringsreglementet med seinare oppfylling av magasinet vere negativt for landskapsverdiane ved Tesse. Konsesjonsvilkåret om oppfyllingsnivå pr. 1. juli som vart innført i 2011 var resultatet av ein omfattande prosess som gjekk over nærare 20 år, og produksjonstapet som dette kravet har medført er i samsvar med dei estimat som vart lagt til grunn for dei nye konsesjonsvilkåra. Lom kommune meiner derfor at den relativt marginale produksjonsgevinsten som ei endring av oppfyllingsdatoen medfører ikkje vil vege opp dei negative konsekvensane som følgjer av tap av natur- og landskapsverdiar i og omkring Tesse.

Utskrift av fullstendig saksprotokoll med saksutgreiing, vurdering og behandling er vedlagt.

Med helsing

Sander Sælthun

plan- og miljøvernrådsgjevar | Plan, byggesak og miljø i Lom og Skjåk

Tlf: 47 46 32 18 | e-post: sander.saelthun@lom.kommune.no

